

**MODALEN KOMMUNE**



**ØKONOMIPLAN 2021-2024**

**OG**

**ÅRSBUDSJETT 2021**

**Vedteke i kommunestyret 10.12.20 – sak 065/2020**

<b>1</b>	<b>GENERELLE RAMMER OG FØRESETNADER FOR BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET .....</b>	<b>3</b>
1.1.	Lovreglar .....	3
1.2.	Organisering av arbeidet og vedtak .....	4
1.3.	Organisatoriske verkemidlar og spelereglar. ....	4
1.4.	Fordelingsfullmakter .....	5
<b>2.</b>	<b>GENERELT OM KOMMUNEN SIN ØKONOMI, FØRESETNADER OG OVERORDNA MÅLSETTING. ....</b>	<b>6</b>
2.1.	Økonomi og generelle føresetnader .....	6
2.2.	Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026 .....	7
<b>3.</b>	<b>ØKONOMISKE FØRESETNADER FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2021 – 2024. ....</b>	<b>7</b>
3.1.	<b>Føresetnader for inntektssida .....</b>	<b>7</b>
3.1.1.	Innleiing .....	7
3.1.2.	Eigedomsskatt .....	8
3.1.3.	Skatt og rammetilskot .....	9
3.1.4.	Kompensasjon for meirverdiavgift .....	10
3.2.	<b>Føresetnader for utgiftssida .....</b>	<b>10</b>
3.2.1.	Lønsvekst .....	10
3.2.2.	Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde .....	10
3.2.3.	Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift .....	10
3.2.4.	Avdrag .....	11
3.2.5.	Lånerente .....	11
3.3.	Folketal .....	12
3.4.	Måltal .....	12
<b>4</b>	<b>BUDSJETTLØYVINGAR – AVDELINGANE – TALDEL - OVERSYN .....</b>	<b>13</b>
4.0	Kommentarar til budsjettet for 2021 .....	13
4.1.	<b>Presentasjon av einingane: .....</b>	<b>14</b>
4.1.1	Rådmannen/sentraladministrasjon: .....	14
4.1.2	Kultur .....	16
4.1.3	Sosial og barnevern: .....	18
4.1.4	Næring .....	19
4.1.5	Skule .....	20
4.1.6	Barnehage .....	21

4.1.7 Pleie og omsorg .....	22
4.1.8 Kommuneoverlege/Helsesenteret .....	24
4.1.9 Teknisk etat .....	25
<b>4.2. Tabellar og oversyn:.....</b>	<b>28</b>
«Små investeringar» og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet .....	28
Løyvingsoversyn drift .....	28
Økonomisk oversikt drift .....	30
<b>5. INVESTERINGAR.....</b>	<b>32</b>
5.1. Oversyn over investeringsprosjekt.....	32
5.2. Løyvingsoversyn – Investering .....	33
5.3. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling .....	33
5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet.....	35

# 1 Generelle rammer og føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet

## *1.1.Lovreglar*

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid.

Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid, jfr kommunelova § 14-1.

Kommunestyret si plikt til å vedta budsjett økonomiplan er nedfelt i kommunelova § 14-2, bokstav a.

### **§14-4:**

«Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.»

## ***1.2. Organisering av arbeidet og vedtak***

Arbeidet har teke utgangspunkt i vidareføring av eksisterande driftsnivå, justert for kjente/vedtekte endringar, og ei målsetjing om at netto driftsresultat over tid vert tilpassa investeringsnivået til kommunen. Det har ein del år vore ei utfordring å tilpasse driftsnivået til lågare inntekt frå eigedomsskatt, og rekneskapsresultatet i 2018 vart negativt.

Eigedomsskatteinntekta som gjekk jamt og trutt nedover frå toppåret i 2013 til 2018, snudde i positiv retning og prognosane var positive i åra framover. Straumprisane har stupt, og bidratt til at nye prognosar er nedadgåande igjen. Dette gjev utfordringar utover i økonomiplanperioden, med tanke på at det er viktig at handlefridomen vert ivareteken og at kommunen framleis har buffer til å handtere uføresette hendingar/endringar med negative konsekvensar.

I formannskapsmøtet 22.10.20 informerte einingsleiarane om status, utfordringar og endringsbehov innan sine tenestekområde. I møtet var det informasjon og drøftingar med sikte på signal til rådmannen i samband med utarbeiding av budsjettframlegget.

Rådmannen ferdigstilte arbeidet og sendte den 19.11.20 ut budsjettframlegg til politisk handsaming. Formannskapet handsama sak om budsjett og økonomiplan i møte 26.11.20. Budsjettinnstillinga frå formannskapet låg til ålment ettersyn fram til handsaming i kommunestyremøtet 10.12.20, der det vart gjort endeleg vedtak.

## ***1.3. Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.***

Modalen kommune har hatt, og har god økonomi til å yte tenester for innbyggjarane i kommunen. Det har i nokre år vore ein strammare økonomi, særleg grunna redusert inntekt frå eigedomsskatt. Eigedomsskatteinntekta betra seg med positiv utvikling frå 2018 til 2021, men i dei siste åra i planperioden er det venta betydeleg nedgang i eigedomsskatteinntekta igjen. Det er såleis viktig med ei tydeleg prioritering framover, god økonomisk styring og at ein fokuserer på å få mest mogleg tenester ut av dei pengane ein løyver, samt at ressursbruken er i tråd med dei løyvingane kommunestyret har gjeve. Reduksjonen og svingningane i eigedomsskatteinntekta har synt at kommunen er sårbar. Det er såleis viktig å ha buffer både i form av fondsavsetjingar og i den årleg løpande budsjetteringa.

## ***1.4.Fordelingsfullmakter***

Kommunestyret gjev **rammeløyving** til følgjande område:

**Rådmannen/sentraladministrasjon**

**Næring**

**Kultur**

**Sosial og barnevern**

**Skule**

**Barnehage**

**Pleie og omsorg**

**Kommunelege**

**Teknisk etat**

Desse rammene er absolutte, og endringar kan berre gjerast av kommunestyret. Den løpande oppfølginga av budsjettet på politisk nivå vert lagt til formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til kommunestyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/økonomiplan fatta i kommunestyret.

## 2. Generelt om kommunen sin økonomi, føresetnader og overordna målsetting.

### 2.1. Økonomi og generelle føresetnader

Kommunen si inntekt kjem i hovudsak frå følgjande finansieringskjelder (i parentes inntektsposten i prosent av samla driftsinntekt):


- Skatteinntekt inkl naturressursskatt (2021: 26,3 %)
- Rammetilskot (2021: 23,7 %)
- Skatt på eigedom (2021: 22,3 %)
- Konesjonsavgift (2021: 5,9 %)
- Gebyr/avgifter/brukarbetaling/tilskot/mva-kompensasjon (2021: 21,7 %)

Svært mykje av kommunen sin økonomi er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt utgjer i 2021 om lag 44 % av dei samla budsjetterte driftsinntektene til kommunen. Andelen var i mange år aukande og passerte på det meste 50 %, men har vorte redusert som følgje av redusert eigedomsskatteinntekt. Samla vart årleg eigedomsskatteinntekt redusert med kr 7,1 millionar frå toppåret 2013 til 2018, ein nedgang på 30 %. Situasjonen er snudd med oppgang frå 2019-2021. Prognosane syner no at utviklinga på ny vert negativ dei siste åra i planperioden.

#### Diagram - Endring i frie disponible inntekter 2020-2024 (årleg %-vis realendring):

Alle talgrunnlag i faste 2021-kroner. Det er nytta 2,5 % deflator for alle åra.

Inntekt: Skatt, rammetilskot, eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgift, generelle statstilskot.



Det som peiker seg ut er den negative trenden, samt skiftet frå årleg positiv utvikling til årleg negativ utvikling. Dette knyt seg til i hovudsak til endring i prognosane for eigedomsskatteinntekta. I planperioden er det venta inntekt i 2021 kr 79,1 millionar som vert årleg redusert til ei venta inntekt i 2024 på kr 72,2 millionar (faste 2021-kr).

## ***2.2. Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026***

Kommunen sine overordna målsetjingar er slik nedfelt i kommuneplanen:

1. Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
2. Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
3. Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
4. I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet, og god folkehelse lett tilgjengelege for alle
5. I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk

Det årlege driftsbudsjettet og økonomiplanen skal leggje til grunn mål og prioriteringar som er vedtekne i kommuneplanen. Dette gjeld både når det gjeld aktivitetar i tenestoområda og utviklingstiltaka som kommunen planlegg å gjennomføre sjølv eller yte stønad til.

Modalen kommune har hatt ein økonomisk handlefridom som har gjort at kommunen til har kunna løyst eksisterande og nye utfordringar til beste for innbyggjarane i kommunen med stor kommunal eigeninnsats.

Inntektene i åra framover vil truleg synke, det vil såleis vere enno viktigare enn før at alle ledd i organisasjonen bidreg til ei økonomistyring som gjer at det til ei kvar tid er tilgjengeleg og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom.

Dette vil òg setje krav til ei streng politisk prioritering av driftskostnader, lokale stønadsordningar og investeringstiltak.

## **3. Økonomiske føresetnader for budsjett og økonomiplan 2021 – 2024.**

### ***3.1. Føresetnader for inntektssida***

#### **3.1.1. Innleing**

Ved utrekning av rammetilskot og skatt er det tatt utgangspunkt i dei statlege føresetnadene slik dei er vist i KS sin prognosemodell, oppdatert primo november etter framlegg til statsbudsjett for 2021 frå regjeringa.

For skatt og rammetilskot er det lagt til grunn ein forsiktig auke dei 3 siste åra i planperioden (2022-2024), etter uttrekk av «Korona-midler» som er lagt inn i 2021 med kr 820 000. Styrkinga er på 1 % årleg og knyt seg til folketalsauke og/eller styrking av rammetilskot frå staten.

### 3.1.2. Eigedomsskatt

For 2021 ventar me eigedomsskatteinntekt på kr 22,4 millionar, som vil utgjere om lag 22,3 % av samla budsjettert inntekt til kommunen. Det er same andel som i 2020. Tilbake i 2014 var andelen 26,6 %.


Eigedomsskatt vert skrive ut med 7 promille av grunnlaget (lova sin maksimalsats) i 2021. Modalen kommune skriv ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Kommunen har såleis kun eigedomsskatt på kraftproduksjon og kraftlinjer.

Eigedomsskatten forfell til betaling i 2 terminar: 31.03 og 30.09.

Det er likningsverdiar (formuesverdi) som ligg til grunn for utrekning av eigedomsskattegrunnlaget på kraftproduksjonsanlegg. Basert på nye prognosar er det venta at eigedomsskattegrunnlaget vil verte redusert i planperioden. Bakgrunnen for reduksjonen er i hovudsak kraftprisane. Nedgangen kan verte på nærmare kr 5 millionar nominelt frå 2021 til 2024, og vil såleis gje ein vesentleg nedgang.

#### **Diagram: Utvikling eigedomsskatt 2019 til 2024. Årleg %-vis realendring:**


Alle talgrunnlag i faste 2021-kroner. Det er nytta 2,5 % deflator for alle åra.



Diagrammet syner realendringa i prosent. Realendring vil seie at ein justerer for pris- og lønnsvekst (inflasjon). I planperioden er det venta ein stor negativ realutvikling.

Med ein årleg realendring på 0 % ville inntekta frå e-skatt akkurat holdt tritt med løns- og prisveksten.

Illustrasjon over utviklinga i eigedomsskatt 2013-2024 i faste 2021-kroner.



Her er synt årleg inntekt frå eigedomsskatt. Årsinntekta er i faste 2021-kroner. Her ville ei stabil realinntekt med same utvikling som løns- og prisvekst vore eit diagram med like høge søyler år for år. Diagrammet synleggjer nedgangen fram mot 2018, vekst igjen fram til 2020, og så ein ny realnedgang for planperioden 2021-2024.

Eigedomsskatteinntekta utgjer ein relativt stor del av samla inntekt for kommunen. I 2021 er det venta at eigedomsskatteinntekta vil utgjere 22,3 % av samla inntekt. Me er såleis svært sårbare for nedgong på denne inntektsposten. Me har ikkje inntekt som kompenserer for dette bortfallet.

### 3.1.3. Skatt og rammetilskot

Inntekta i budsjettet for 2021 er rekna med siste prognosemodell frå KS, der føresetnadene frå framlegg til statsbudsjett er lagt inn. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Utgiftsutjamninga tek høgde for ulike behov mellom kommunane, medan inntektsutjamninga tek høgde for ulik skatteinngang mellom kommunane. Skatt og rammetilskot utgjer 50,3 % av samla budsjettert driftsinntekt i 2021, i 2020 var andelen 49,2 % og i 2019 var andelen 52,6 %. I 2021 er det lagt til grunn samla inntekt/kompensasjon knytt til Koronapandemi/Covid-19 med kr 820 000, i tråd med framlegg til statsbudsjett for 2021.


Det kommunale skatteøyret vert sett til maksimalsats ved kommunelikninga for 2021, dvs 12,15 % iflg framlegget til statsbudsjett. Ein auke frå 11,10 % i 2020.

Det er lagt til grunn eit rammetilskot på kr 24,37 millionar og skatteinntekt på kr 26,35 millionar, inkl naturressursskatt, for 2021, samla kr 50,7 millionar.

Oversynet under syner årleg prosentvis realendring i skatt og rammetilskot samla for åra 2019 til 2024.

### Diagram: Utvikling skatt/rammetilskot 2019-2024 (årleg %-vis realendring):

Alle talgrunnlag i faste 2021-kroner.



Diagrammet syner utviklinga i skatt/rammetilskot dei seinare åra og ut planperioden. Høg skatteinntekt bidrog spesielt til høg vekst i 2019, medan Korona-midlar i rammetilskotet bidrog spesielt til høg vekst i 2020. Det ligg òg inne Korona-midlar i budsjettet for 2021, men lågare beløp enn i 2020.

I planperioden får me ein negativ effekt på prosentvis endring i 2022 grunna uttrekk av Korona-midlar, men sett vekk frå Korona-midlar, legg me til grunn ei relativt flat utvikling med ein låg realinntektsvekst.

#### **3.1.4. Kompensasjon for meirverdiavgift**

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i driftsbudsjettet for 2021 er lagt inn med kr 2,85 millionar. Same nivå er lagt til grunn i planperioden.

### **3.2. *Føresetnader for utgiftssida***

#### **3.2.1. Lønsvekst**

I Statsbudsjettet er årslønnsveksten frå 2020 til 2021 venta å verte 2,2 %. Dette er lagt til grunn i lønsbudsjetteringa.

#### **3.2.2. Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde**

Godtgjering for ordførar, varaordførar og folkevalde er budsjettert i høve gjeldande reglement.

#### **3.2.3. Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift**

Modalen kommune har avtale med KLP om pensjonsforsikring for alle tilsette utanom lærarane, som er forsikra i Statens pensjonskasse.

Budsjettføresetnadene er gjort med bakgrunn i følgjande prognosar for pensjonsleverandørane.


Pensjonspremie	KLP Fellesordninga 16,6 %
Pensjonspremie	KLP Sjukepleiarordninga 16,4 %
Pensjonspremie	SPK 8,8 % (Lærarar)

Arbeidsgjevaravgifta er rekna med 13 % av lønspostane inkl. pensjonspremie.

### 3.2.4. Avdrag

Modalen kommune legg opp til låneopptak i 2021 på kr 28 540 000 knytt til bygging av nytt nærings- og tenestesenter, og andre investeringar. Dette medfører auka finanskostnader. Budsjettert avdrag vert sett til kr 1,28 millionar i 2021, aukande til nominelt om lag kr 1,5 millionar i 2022 og framover.

Lånegjelda vil pr 1.1.21 vere om lag kr 31,9 millionar utanom formidlingslån. Basert på planen for finansiering av nybygg, vil lånegjeld eks formidlingslån auke til kr 59,1 millionar pr 31.12.21 og vere 54,6 millionar ved utløpet av planperioden 31.12.2024.



	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Lånegjeld i % av dr.innt</b>	15,7 %	32,2 %	58,6 %	57,7 %	55,5 %	53,2 %

Med nye låneopptak i 2022 til nytt nærings- og tenestesenter vil lånegjelda i prosent av samla driftsinntekt auke frå 32,2 % pr 31.12.20 til 58,6 % pr 31.12.21. Etter det vil prosentandelen synke då det ikkje er planlagt nye låneopptak til investeringar i planperioden.

### 3.2.5. Lånerente

Lånegjelda til kommunen har flytande rentevilkår, der delar av lånegjelda har pt-vilkår og delar av lånerenta er bundet opp til 3 månaders Nibor – rente. Flytande pt rente i Kommunalbanken er pr dato 0,9 %. I planperioden frå 2021 og utover er det lagt til grunn budsjettrente på 0,94 % aukande til 1,4 % i 2024.

### 3.3. Folketal

Modalen kommune har hatt ein god vekst i folketalet dei seinare åra. Pr 1.1. 2010 var folketalet 344 og pr 1.1. 2020 var folketalet 388. Pr 1.7.2020 var me komme i 391.

I planperioden legg me i økonomiplanen til grunn ein forsiktig auke med 2 personar i året, noko som utgjer om lag 0,5 %. I høve til utgiftssida av budsjettet legg me til grunn at folketalsendringane ikkje vil vere av ein slik karakter at det vil få utslag i auka behov for løyvingane til budsjettområda. I høve til inntektssida er folketalsauken innbakt i ein stipulert auke i skatt/rammetilskot med 1 % årleg. I den venta årlege veksten i skatt/rammetilskot ser ein såleis for seg ein styrking grunna folketalsauke og/eller styrking frå staten.

### 3.4. Måltal

Det er krav til at kommunar fastset måltal i samband med den økonomiske styringa. Dette skal vedtakast av kommunestyret i eit økonomireglement, men skal sjølvstøtt og vere handsama i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

Måltala er omtala i dette dokumentet på ulike stader, men vert samla og presisert i dette avsnittet. Aktuelle måltal er: Netto driftsresultat, lånegjeld, disposisjonsfond

#### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i prosent av samla driftsinntekt i planperioden:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekt	3,7 %	3,7 %	5,1 %	3,9 %	3,4 %	2,9 %

#### Lånegjeld

Lånegjeld i prosent av samla driftsinntekt i planperioden:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Lånegjeld 31.12 i % av sum driftsinntekt	15,7 %	32,2 %	58,6 %	57,7 %	55,5 %	53,2 %

#### Disposisjonsfond

Samla disposisjonsfondsmidlar i prosent av samla driftsinntekt:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Disp.fond 31.12 i % av sum driftsinntekt	15,7 %	10,4 %	7,7 %	9,9 %	11,5 %	12,4 %

## 4 Budsjettløyvingar – avdelingane – taldel - oversyn

Kommunestyret handsama sak om budsjett og økonomiplan 2021-2024, i møte 10.12.2020.

Økonomisk sett startar planperioden med inntektsvekst i 2021, noko gjev rom for vidareføring av drifta utan store nedjusteringar. Det er likevel gjennomført noko reduksjon i løyvingane til dei ulike budsjettområda som er skildra i saksframlegget.

I planperioden strammar økonomien seg til frå 2022. Venta reduksjon i eigedomsskatteinntekta kvart av dei neste åra frå 2022 til 2024 fører til trongare økonomi, som igjen fører til både reduksjonar i løyvingane til dei ulike budsjettområda og redusert driftsresultat. Kvart av åra i økonomiplanperioden er saldert med nedtrekk for budsjettområda. Det må startast eit arbeid tidleg i 2021 med målsetjing om å finne konkrete tiltak for å drive i tråd med dei reduserte løyvingane. Dette arbeidet må starte slik at me har eit grunnlag klart før neste rullering av budsjett/økonomiplan for 2022-2025.

Budsjettet for 2021 har ei bruttoramme (samla driftsinntekt) på omlag kr 100,8 millionar, men er venta å falle ned igjen under kr 100 millionar i 2022 og så nominelt komme noko over igjen dei 2 siste åra i planperioden 2023-2024. Netto driftsresultat er budsjettert å verte omlag kr 5,1 millionar i 2021, noko som utgjer 5,1 % av driftsinntekta. Resultatet er venta å falle gradvis til om lag kr 3,1 millionar i 2024.

Netto driftsresultat i planperioden:

	2021	2022	2023	2024
Netto driftsres. i % av sum driftsinntekt	5,0 %	3,9 %	3,6 %	3,3 %

Modalen kommune har hatt ein solid økonomi og god handlefridom, men svingande inntektsutvikling har medført ekstra fokus på driftsresultatet dei seinare åra. Utfordringar og press på økonomien har i stor grad kommet frå reduksjon/svingningar i eigedomsskatteinntekta. I åra frå 2022 og framover er det venta at eigedomsskatteinntekta igjen vert redusert. Det er då viktig å justere drifta, slik at me klarer å halde netto driftsresultat på eit nivå som gjev rom for å ha buffer mot uføresette hendingar/endingar, samstundes som investeringsnivået vert tilpassa resultatet frå drifta, og ein opprettheld høvet til å eigenfinansiera investeringane i størst mogleg grad. I 2021 er det lagt til grunn at det nye nærings- og tenestesenteret vert ferdigstilt. Finanskostnader knytt til låneopptak er innbakt i planperioden.

Det er viktig å vera merksam både på utviklinga i driftskostnadene og -inntektene, slik at økonomien vert styrt til beste for kommunen og innbyggjarane. Å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar er nødvendig, slik at ein kan sikra at det er høve til å få på plass nødvendig infrastruktur mv som ofte vil ha høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.

### 4.0 *Kommentarar til budsjettet for 2021*

Budsjettvedtaket for 2021 tek utgangspunkt i driftsnivået som har vore i 2020 og inkluderer nødvendige justeringar for kjente endingar.

## **4.1.Presentasjon av einingane:**

### **4.1.1 Rådmannen/sentraladministrasjon:**

#### **Rådmannen**

Rådmannen har det overordna ansvaret for heile kommunen. Rådmannen skal syta for at sakene vert førebudd før politisk handsaming og for at politiske vedtak vert sett i verk. Sidan 1. januar 2013 har den administrative organiseringa vore ein modell med to nivå. Denne modellen har fungert godt. Leiarane for dei einskilde einingane har ansvar for sine område innan økonomi, personal og fag og rapporterer direkte til rådmannen.

Rådmannen har det overordna og samla budsjettansvaret. Det direkte og faglege ansvaret vert ivareteke av økonomisjefen. Rådmannen har direkte ansvar for dei delar av budsjettet som er meir sektorovergripande med særleg vekt på dei politiske organa, IKT, kommunekasserarfunksjon og næringsutvikling. Etter den administrative omorganiseringa er tenestene for sosial/NAV og barnevern også lagt til rådmannen.

Modalen skal vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative og digitale løysingar. Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Modalen kommune for å effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestene til innbyggjarane. Innbyggjarane i kommunen ventar digitale tenester og digital dialog med kommunen. Organisasjonen er avhengig av digitale løysingar for å kunne effektivisere arbeidsprosessar og tenesteproduksjon ytterlegare framover. Eit sterkt IKT-samarbeid mellom kommunar er plattformen for vidare utvikling lokalt. Dette mellom anna for betre å ivareta og samordne dei ulike oppgåver som er lagt til kundetorget som eit sentralt dokument- og servicesenter for kommunen.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har òg det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og personalpolitikken som er viktig i alle organisasjonar. Omorganisering, som er gjennomført, er både med å tydeleggjere ansvaret og styrkjer personalarbeidet på einingsnivået. Midlar til kjøp av tenester frå Bedriftshelsetenesta er sett av til å gjennomføre ulike tiltak som vert planlagt for 2021. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Stillingsressurs: Rådmannen: 100 %. Assisterande rådmann: 100 %  
Utviklingssjef: 50% (vakant frå 2018 til 2020 – lagt ned frå 2021 grunna budsjettkutt).  
Sentralbord /arkiv/ kundetorg: 280 %

#### **Fellesfunksjonar:**

Lærlingeordning: Vi har ved inngangen til 2021 3 læreplassar og 1 lærekandidat som inngår i den kommunale tenesteproduksjonen.

Seniortiltak: Ordninga er føresett vidareført.

## **Rådmannen - Mål for 2021:**

- Initiere og drive vidareutvikling av kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, som skal skiftast ut med ny leverandør i 2021.
- Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering
- Gjennomføre felles prosjekt med dei andre randkommunane og nye Alver kommune for å greie ut moglege samarbeidsområde innafor tenesteutviklinga til kommunane.

## **Kommunekasserar/økonomisjef**

Oppgåvene til avdelinga omfattar rekneskapsføring og årsavslutning, remittering og rekningsbetaling, kontroll, fakturering og oppfølging, budsjett og budsjettoppfølging, økonomiplanarbeid, lån og finans, eigedomsskatt, samt støtte og rådgeving for avdelingane.

Skatteoppkrevjarfunksjonen, som også omfattar kontroll, vart overført frå kommunane til staten frå 1. nov 2020.

Stillingsressurs: Økonomisjef: 100 %

## **IKT**

Det interkommunale IKT samarbeidet i Nordhordland har gjeve gode resultat for alle kommunane. Samarbeidet har styrka tenestene og ein ser god nytte av dette samarbeidet både for utføring av tenester, innkjøp, driftstryggleik og utviklingsoppgåver. Frå 2020 vart IKT Nordhordland skilt ut som eige IKS, med medlemskommunane som eigarkommunar. Frå 2020 kom kommunane Gulen, Samnanger og Austevoll inn i IKT Nordhordland.

Til vår del av IKT Nordhordland sine driftskostnader for 2021 er det sett av kr 1 500 000. I tillegg kjem kostnader for ulike lisensar, kontingentar, digitalisering og ulike prosjektkostnader.

Innan IKT-budsjettet har vi no samla alle føringar av kostnader relatert til IKT (drift, investeringar, serviceavtalar og lisensar) for alle einingar og sentraladministrasjon samt kostnader til kopimaskiner og telefoni. Innan dette budsjettområdet vert også alle inntekter og kostnader til drift og vedlikehald av fibernettet ført. Dette gjev god styring og kontroll. Budsjettet tek omsyn til å vidareføre tilbod og kvalitetsnivå som vi har i dag slik at vi kan samhandle og vere på eit kvalitetsnivå med samarbeidande kommunar.

## **Samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjør det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av ny organisering gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2013. Planen vart sist revidert hausten 2019, men mindre endringar i planen skjer fortløpande gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye

reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

#### **Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2021 er :**

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleiinga
- Årleg revisjon av krise- og beredskapsplan
- Revidere og utvikle kommunen sine varslingsrutinar og varslingskanalar

#### **Mo sokn**

Tilskotet til Mo sokn (kyrkja) inngår i rådmannen sitt budsjettområde. For 2021 er det søkt om kr 1 168 000 i tilskot til drift. Dette er ca 2,8 % auke i høve 2020. Mo sokn har ulike aktivitetar for alle aldersgrupper i kommunen, og mykje av arbeidet dei gjer er basert på frivillige.

Rådmannen meiner at Mo sokn har lagt fram ein nøktern søknad, og har i sitt framlegg til budsjett for 2021 føreslege å gje Mo sokn kr 1 168 000 i tilskot til drifta. Kommunen skal òg betale tilskot til andre trusamfunn. Desse tilskota er basert på tal frå sentrale statistikkar, og utgjer i sum eit mindre beløp.

#### **Politisk**

Godtgjering til ordføraren og alle folkevalde vert utgiftsført på rådmannen sitt budsjettområde. Budsjettet er justert i samsvar med gjeldande reglement. Dette gjeld òg kostnader til frikjøp og refusjon av tapt arbeidsforteneste for folkevalde. Tilskot til fordeling mellom politiske parti er avsett med kr 10 000 då det synes ikkje å vere stor trong til politisk arbeid utover frikjøpsordningar og godtgjerdsle etter revidert reglement.

### **4.1.2 Kultur**

Kulturavdelinga har konsulent for kultur i 100 % stilling. Deler av denne stillinga er knytt til Bryggjeslottet. Masfjorden kommune kjøper flyktningetenester frå Modalen 2 dagar i veka til og med august mnd. deretter ein dag for veka. Frå oktober 2020 vart det tilsett ungdomskoordinator i 40 % stilling, med ansvar for fritidsklubb for barn og unge frå 5.-10.klasse og for ungdomsrådet.

Kulturavdelinga har eit overordna ansvar for kultur-, idretts og aktivitetslivet i kommunen, og er ein pådrivar på nokre område og ein tilretteleggjar på andre. Pådrivarrolla inneber å invitere til / etablere samarbeid, utvikle arrangement og leggje til rette for at andre kan skape. Avdelinga syt for tildeling av kulturmidlar og kulturminnevernstønad, samt samarbeid med skulen om den kulturelle skulesekken og Modalstunet om den kulturelle spaserstokken. I tillegg legg me til rette for arrangement som t.d. barna sin dag, julemarknad, modalsdagane, bygdekino og konsertar. På arrangementssida er modalsdagane det største løftet for avdelinga. Kulturavdelinga ynskjer fortsatt å arrangera og leggja til rette for arrangement saman med andre, men i høve til koronasituasjonen landet er oppe i er det avgrensa kva kommunen kan arrangera. Her må smittevernreglar frå folkehelseinstituttet følgjast. Det er ikkje mogleg pr. d.d. og seie enoko om kor tid ein er tilbake til normal drift.

Me søkjer å vere eit kontaktpunkt for folk utanfrå som ynsker informasjon om Modalen. Det er mange som nyttar turstiane våre, og eininga bidrar til å fremme turisme med utgangspunkt i det kulturelle perspektivet.

Kulturplan for Modalen er vedtatt i kommunestyret 24.09.20 sak 37/20

Målsetjing for 2021

- Utarbeida handlingsplan og prioritering av turstiar
- Dagsturhytta
- Gje born og unge i Modalen eit tilbod i sommarferien.
- Ha gode rammevilkår for lag og organisasjonar.

### **Bryggjeslottet**

Drifta av Bryggjeslottet ligg under kundetorget.

Bryggjeslottet skal vere ein tilgjengeleg aktivitetsarena for lag og organisasjonar gjennom heile året. Her vert større fellesarrangement som kino, konsertar og t.d. julemarknad haldne. Byggjet har ein viktig folkehelsefunksjon for innbyggjarene i Modalen gjennom eit lågterskeltilbod om fysisk aktivitet i gymsal, symjebasseng og treningsrom (samt intellektuell/åndeleg aktivitet i biblioteket!). I tillegg er huset ein sosial møteplass for folk i ulike aldrar.

Bryggjeslottet skal vere ein lågterskel møteplass for alle som vil kome. Det er difor vesentleg å sjå på kva mogleigheiter som finns for å tilrettelegge betre for brukarane, både barna og dei vaksne.

Det er bruk for å sjå på nye/fleire område for aktivitet for m.a. å kunne oppretthalde inntektsnivået framover.

Også drifta av Bryggjeslottet har vore prega av koronasituasjonen, som har ført til redusert aktivitet.

Målsetjing for 2021:

- Bryggjeslottet skal vera sentral i marknadsføringa av kommunen.
- Vera eit kultur- og aktivitetshus for folk i alle aldrar.
- Sjå på fleire område for aktivitetar i huset.

### **Biblioteket**

Biblioteket har 50 % stilling som biblioteksjef.

Me vil sjå på moglege nye vegar å gå for biblioteket vårt. Sektoren er i endring tradisjonelt bokutlån aleine er ikkje lenger den einaste «foten» biblioteket skal stå på. Kunnskap, oppleving og oppdaging er framleis viktige stikkord, men formidlarrollen har blitt ein meir sentral del av samfunnsoppdraget. Biblioteka skal sjølve «dra i gang» eller vere vertskap for ulike typar (kulturelle) arrangement.

Målsetjing for 2021:

- Utvide opingstida -og tilby eit såkalla «meiroppe» (tidvis ubetjent) bibliotek.
- Utgreie kva slags digitale tenester me kan og bør tilby.
- Digital kompetanseheving for innbyggjarane.
- Biblioteket skal vera ein møteplass som formidlar kunnskap og oppleving.

### **4.1.3 Sosial og barnevern:**

#### **Barnevern**

Modalen kommune har vertskommunesamarbeid med Vaksdal kommune om kjøp av barnevernstenester. Det tyder at det er barnevernsleiar i Vaksdal kommune som òg er barnevernsleiar i Modalen kommune. Gjeldande avtale vart inngått for perioden 2012 – 2017 med årleg fornying dersom ingen av partane seier han opp.

Det vert gjennomført nettverksmøte 4 gonger pr. år framover kor barnevernet tek del i nettverksgruppe saman med ass. rådmann, skulen, barnehagen og Helsesenteret i Modalen.

#### **Alkohol/rus**

I juni 2020 vart det i kommunestyret i Modalen vedteke revidert *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020 – 2024*.

Modalen kommune har avtale med privat skjenkekontrollør som fører tilsyn med og kontroll av sals- og skjenkestadane. Kontrolløren rapporterer årleg på gjennomførte tilsyn. Modalen har pr. i dag 2 butikkutsal og 1 skjenkestad for alkoholhadig drikke i kommunen. Rådmannen har delegert fullmakt til å tildele ambulerande løyve og einskildløyve.

Edruskapsvern omfattar førebyggjande perspektiv, rettleiing og iverksetjing av tiltak dersom behov oppstår. Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skildrar korleis dette tilbodet er lagt opp.

Rådmannen vil understreke at det er avgrensa etterspurnad etter slik hjelp i kommunen, 0 – 1 saker pr. år, men at det er av høg verdi at tenesta fungerer godt når behov oppstår. Naturlege samarbeidspartar er NAV og eining for helse.

#### **NAV/sosial**

Modalen kommune har felles NAV-teneste med kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen – NAV Fensfjorden. NAV Fensfjorden er lokalisert på Hosteland i Masfjorden kommune.

NAV Fensfjorden samlar kommunalt NAV og statleg NAV. Det er Masfjorden kommune som er vertskommune for samarbeidet, øvste leiar er rådmannen i Masfjorden.

Modalen kommune sine innbyggjarar skal kunne nytte NAV-tenestene gjennom telefon, *Mitt NAV* (direkte personleg kommunikasjon via NAV si nettside – krev innlogging), samt individuelle møter med NAV tilsette i Modalen etter avtale.

#### **Mål 2020 - evaluering**

1. Rullere rusmiddelpolitisk handlingsplan.

*Evaluering: Gjennomført.*

2. Avklare barnevernsarbeid/-avtale med Vaksdal kommune.

*Evaluering: gjennomført*

*Det er ikkje gjennomført fornying av gjeldande avtale utover at ingen av partane har bede om det. Det inneber at gjeldande avtale vert vidareført inntil ein av partane seier han opp.*

Det er etablert og gjennomført 4 faste samarbeidsmøter i året mellom barnevernet og Modalen kommune. Ass. rådmann kallar inn og møter saman med rektor/skulefagleg leiar, styrar/barnehagefagleg leiar, helsesjukepleiar, psykiatrisk sjukepleiar og kommuneoverlege.

3. Sikre god overgang inn i felles NAV-kontor.

*Evaluering: Gjennomført*

*NAV Fensfjorden er etablert på Hosteland i Masfjorden kommune.*

## Mål 2021

- Presentere og drøfte rusmiddelpolitisk handlingsplan for ungdomsrådet. Utarbeide framlegg til førebyggjande og gode tiltak for å sikre gode oppvekstvilkår.
- Etablere system for tilstandsrapport for Vaksdal barnevern – fokus Modalen kommune.
- Etablere eit godt status-/erfaringsgrunnlag i NAV Fensfjorden for å kunne seie noko om tenesta leverer i tråd med Modalen kommune sine forventningar.

### 4.1.4 Næring

Det er ass. rådmann som føl opp tenesteområdet *næring*. Dei viktigaste oppgåvene er å sikre at kommunen sin vedtekte strategiske næringsplan (2017) vert fulgt opp, samt sakshandsaming/forvaltning knytt til næringsfondet.

Modalen er knytt til Nordhordlandsnettverket gjennom Team Nordhordland. Her møter kommunalt tilsette som har næringsansvar innanfor den kommunale verksemda – under leiing av rådgjeverar frå NUI (Nordhordland utviklingsselskap IKS). Dette nettverket har vore lite aktivt i 2020.

I tillegg er Modalen kommune ein del av Osterfjorden næringssamarbeid saman med Osterøy og Vaksdal kommunar.

Næringsutvikling er ein viktig del av samfunnsutviklinga i Modalen. Me har eit noko avgrensa næringsliv kor om lag 80 % av arbeidsplassane er i kommunal sektor. Samstundes har me verksemder som har gjort stort og viktig arbeid og bidreg med lokale arbeidsplassar.

Det vart i kommunestyret i juni 2020 vedteke å byggje nytt nærings- og tenestesenter. Her vil ein ytterlegare kunne styrkje samhald og samarbeid med ulike aktørar som ynskjer å etablere og vidareføre næringssettinga i Modalen. Så langt er det planlagt at Uni Micro AS skal flytte med sine omlag 25 tilsette frå lokala dei nyttar i dag på Øvre Helland og ned i det nye bygget.

I 2020 (pr. 22.10.20) har følgjande fått innvilga stønad frå næringsfondet:

Mottakar av stønad	Sum og type stønad	Kommentar
Ole Anders Heimdal	656 250 i tilskot	Landbruk
Nese Media	76 000 i tilskot	
Mobryggen Drift AS	200 000 i tilskot	Koronaløyving

	200 000 i lån	
Einar Sofienlund	85 000 i tilskot	
SeaCamp AS	10 000 i tilskot	Koronaløyving
Testlab Vest AS	371 500 i tilskot 371 500 i lån	
Håkon Nåndal	50 000 i lån 32 000 i tilskot	Landbruk
Ole K Ø Helland	10 000 i tilskot	Landbruk
Håkon Nåndal	14 000 i tilskot	Landbruk
Knut Farestveit	28 200 i tilskot	Landbruk
Ann-Jorunn Farestveit	99 200 i tilskot 65 968 i lån	Landbruk

Næringssetjinga i Modalen føregår i tett samarbeid med landbrukssjefen. Landbruket representerer ein stor del av den samla næringsverksemda i kommunen. Dette finn ein att i kommunen sin strategiske næringsplan, samt i dei særlege stønadsordningane (næringsfondet) som er retta mot landbruket.

### Mål 2020 – evaluering

1. Administrasjonen vil hausten 2018 og gjennom 2019 søkje å initiere og etablere eit breitt forankra utviklingsprosjekt med føremål å sikre verdiskaping gjennom etablering av arbeidsplassar i eit 10 – 20 års perspektiv. Dette er i tråd med kommuneplanen og strategisk næringsplan.

*Evaluering: Utviklingsprosjektet Prosjekt næringsutvikling 2028 – 2030 vart starta opp i kommunestyret hausten 2018. Prosjektet er planlagt i 2 fasar. Den første fasa omhandla ein workshop under leiing av MK reklame kor formannskapet og administrasjonen tok del. Oppsummering og konklusjon om å gå vidare til fase 2 er ikkje handsama enno, men vil skje framover. Hovudmålet prosjektet skal rette seg mot er etablering av nye arbeidsplassar i Modalen.*

Målsetjinga vert vidareført i 2021.

#### 4.1.5 Skule

Rektor ved Mo skule er ansvarleg for rammeområdet. Ansvarsområdet omfattar grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen. I tillegg har rektor det kommunale skuleansvaret som ein del av stillinga.

#### Grunnskulen

Alle elevar frå Eidslandet i Vaksdal kommune går framleis på Mo skule. Avtalen gjeld for eit år om gongen fram til den vert sagt opp av ein av partane. Frå januar 2019 betaler Vaksdal kommune kr 101 500 pr elevplass pr. år. Dette er i tråd med satsar for gjesteelevar i Hordaland fylke. Denne satsen skal reviderast 01.01.2021.

Elevtal	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	57	66	74(19)	71(16)	74(17)	72(17)	79(16)	77(15)	86(20)	81(19)

Elevtal	2018	2019	2020	2021
	70(9)	65(5)	59(4)	58(5)

(Tala i parentes viser elevtalet frå andre kommunar som inngår i det samla elevtalet.)

**Kulturskulen:** Kulturskulen i Modalen er lokalisert til Mo skule. Kulturskulen gjev tilbod i musikkopplæring innan song, piano og gitar. I tillegg vert det arrangert kortare kurs innan andre kultur-/uttrykksformer. Hausten 2020 er det 10 elevar som mottok tilbod i kulturskulen.

**SFO** er organisert med opning før og etter ordinær skuletid som tidlegare. Elevar i 1.- 4.klasse har SFO inne i skuletida dei dagane dei har korte undervisningsdagar. Dette tilbodet vert gjeve utan foreldrebetaling, då det ikkje er sett opp skuleskyss etter undervisningsslutt for desse elevane.

Born i SFO:	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	16	11	23	25	32	28	28	31	37	32

Born i SFO:	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>
	26	17	19	18

### Vaksenopplæring

Modalen kommune kjøper teneste frå Lindås (Alver) innan vaksenopplæring på grunnskulenivå.

**Stillingsressurs for alle ansvarsomåde:** 16,12 årsverk. I tillegg kjem lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

### PPT:

Pedagogisk psykologisk teneste vert kjøpt frå Vaksdal kommune. Budsjettmessig vart dette lagt inn under Mo skule frå 2014.

### Mål 2021

- Halda fram arbeidet med skulebasert kompetanseutvikling og vidareutvikla Mo skule som ein lærande organisasjon.
- Opplæringsfasen i PALS er over. Frå januar 2020 vert det viktig å oppretthalda arbeidet med dette i personalet og i klassane som ein del av det daglege arbeidet.
- Fokus på tidleg innsats og tilpassa opplæring.
- Frå august 2020 er det nye læreplanar og fagplanar i grunnskulen. Mykje utviklingstid vert nytta for å tilpassa undervisninga til nye/reviderte planar.

#### 4.1.6 Barnehage

Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 3-4 år og 4-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen. For refusjon av barnehageplassane nyttar ein dei same Nasjonale satsane som ein nyttar når ein gjev tilskot til private barnehagar.

Våren 2021 vil det vere 27/36 plassar i barnehagen, der 8 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma er 1 vaksen pr. 6 barn. Me erstattar planleggingstida til pedagogane (kvar pedagog har 4 timar planleggingstid) med assistentar, slik at ein i større delar av barnehagekvardagen går med full bemanning.

Barnetal:	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(9)	27(12)	31(11)	28(10)	27(8)

(Tala i parantes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.

**Stillingsressurs:** 9,42 årsverk.

Vaksdal kommune undersøker no moglegheita av å gjenopna barnehagen på Bergo frå hausten 2021. Me har 7 barn frå Vaksdal kommune våren 2021. Om Vaksdal kommune går inn for å barnehage på Bergo, for born busett i Eksingedalen, kjem det til å få konsekvensar for Modalen barnehage.

### **Utviklingsmål for Modalen barnehage 2021**

#### **1. MÅL: Barnehagemiljø og krenkringar.**

Me har meldt oss på eit Barnehagebasert kompetanseprogram- kompetanseheving av alle tilsette i barnehagen. Satsingsområde over 2 år. Kurset er Nettbasert- utvikla av Høgskulen i innlandet etter oppdrag frå UDIR. Nettkurset består av ferdige undervisningsbolkar som me går igjennom på personalmøter og arbeider individuelt og avdelingsvis mellom øktene. Målet er at me skal kunna arbeider meir systematisk for å førebygga mobbing, sånn at ein slepp å komma til der at ein må iverksetja tiltak.

#### **2. MÅL: Brukarundersøkinga.**

Kvart år gjennomfører me UDIR sin elektroniske brukarundersøking. Resultata frå undersøkinga gjev grunnlag for fokus i da vidare arbeidet.

#### **3. MÅL: Uteområdet**

Uteområdet i barnehagen er frå 2007 og ber preg av dagleg bruk. Melder om behov for oppgradering.

#### **4.1.7 Pleie og omsorg**

Modalstunet har totalt 16 sjukeheimplassar. Drifta har stabilisert seg på 8-10 plasser gjennom året inkludert korttidsplassar /avlastning. Dette er i tråd med dei normtal staten brukar når det gjeld behovet dei komande år til eldre over 80 år i Modalen. I år har det vore etterspurnad frå nabokommunar om kjøp av leigeplass. På grunn av Covid -19 situasjonen,

samt ubesatte sjukepleiestillingar, har me ikkje kunna gjeve tilbod. Dersom me får dekkja sjukepleiekompetansen, kan me gje tilbod. I budsjettet for 2021 er det lagt til grunn inntekt frå utleige av to plassar til andre kommunar i eit år. I tillegg inntekt av 1 leigeplass eit ½ år.

Dei siste to åra og i år har det vore ein stor auke i heimetenesta, som òg vil gje auke i tenestetimar i åra framover. Dette vil påverke budsjettet, då det er fleire lovpålagte tenester kommunen må yte, og som krev sjukepleiarkompetanse. Me ser òg tilflytting av eldre til kommunen frå nærliggande kommunar som har behov for tenester.

Me erfarer òg auke i psykiatritenester som pleie- og omsorg skal yte teneste til på kveld og helg. Dette gjev utfordringar i høve bemanning gjennom døgeret.

Samhandlingsreforma som vart innført i 2012, har ført til at me får pasientar tidlegare tilbakeført frå sjukehus. Behandling som tidlegare vart utført på sjukehus vert no utført i kommunen. Dette krev kompetanse utover grunnutdanning i sjukepleie. Personalet treng og opplæring i prosedyrar for å kunne gje forsvarleg teneste til utskrivne pasientar. Behandlingar knytt til medikament og utstyr gjev auke i kostnad. Det er lagt inn kostnad i budsjett til fagleg opplæring.

Kommunen har krav om sjukepleiekompetanse 24 timar i døgeret, og pasientane vil i åra som kjem ha meir samansette diagnoser, som gjer det naudsynt i auke med sjukepleiekompetanse i tenesta. Avtale om samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp- plasser er inngått med Nordhordlandskommunane.

I 2013 starta tenesta med dagtilbod til heimebuande demente. Andre eldre i kommunen som ynskjer kan delta, og totalt er det 11 som har tilbod pr i dag. Ut frå at talet på eldre vil auke i åra som kjem, vil og etterspurnaden av tenester auke. Tilbodet er ope kvar onsdag frå kl. 07.30 – 15.00, der dei eldre vert henta med bil av personalet og får servert frukost på Modalstunet. Ved at eldre heimebuande møtes i eit fellesskap, gjev det dei livskvalitet og meistring til å bu lengst mogleg i eigen heim. Ved å tilby denne tenesta, vil det utsetje institusjonsplass og dermed redusere kostnader i drift. Frå 2020 skal tilbodet vere integrert i kommunen, og tilskot frå Helsedirektoratet er avslutta. Kostnaden er lagt til kommunen, og vert lagt inn i budsjettet.

Våren 2019 vart det starta opp førebyggjande trimtilbod til eldre kvar 14 dag i samfunnshuset på Øvre Helland i samarbeid med lege/fysioterapeut og teknisk. Tilbodet vert vidareført i åra som kjem, og talet som deltek er ca 6-8 stk.

Velferdsteknologiprogram (NVP), (St. meld nr. 29 (2012-2013)), skal sikre at velferdsteknologi blir ein integrert del av helse- og omsorgstenesta. Frå 2021 vert det lagt inn i drift i kommunen, og tenesta har starta innkjøp av utstyr. Dei første åra vil vere investering i teknologi, og i framtida vil me kunne sjå vinstar av investeringa. Bruk av velferdsteknologi skal vere ein del av dei heilskapelege tenestene, som vert tildelt etter søknad.

Innføring av Digi Helse, som er eit kommunikasjonsverktøy opp mot Helsenorger, gjev innbyggjarar elektronisk samhandling med tenesta. Kostnad med implementering, lisensar og opplæring vert lagt inn i budsjett.

Reforma «Leve hele livet» er ei kvalitetsreform som skal integrerast i kommunane frå 2019 – 2023 (St.m 15. 2017-2018). Meldinga sitt hovudfokus er å skape eit meir aldersvenleg Noreg, og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og

fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, samanheng og overganger i tenestene. Det vert lagt inn kostnader i budsjett til gjennomføring av reforma.

Drifta har store utfordringar i høve ha nok kvalifisert sjukepleiekompetanse, då det ikkje har vore mogleg å få søkjarar til ledige stillingar i år. Drifta har måtta nytta sjukepleiarar frå vikarbyrå me har rammeavtale med i tillegg til privat byrå for å dekke drifta. Det gjev store kostnader i drifta. Pleie- og omsorg driv heildøgns omsorg både institusjon og heimebaserte tenester. Arbeidsgjevar er i dialog med Norsk Sykepleierforbund lokalt om ein kan finne alternative turnusordningar. Det vert vektlagt å vere i forkant i høve å investere i kompetanse ut frå utfordringar me ser som vil kome i åra framover. Tenesta vil lyse ut sjukepleiestillingar.

### ***Pleie og omsorgsteneste: Mål 2021***

1.Arbeide målretta mot reduksjon i sjukefråver.

Frist: Kontinuerleg gjennom året gjennom møter med HTV/verneombod ein gong/mnd og personalmøter kvar 6-8 veke.

2.Vidareutvikle gode kvalitetssystem (rutiner) i organisasjonen, gjennom auka myndiggjering av tilsette og personalmøter kvar 6 – 8 veke.

3. VFT skal vere ein del av drifta, opplæring til tilsette, brukarar og pårørande mm.  
Frist: 01.05.2021.

4.Implementering av Digi Helse i drifta,opplæring tilsette, brukarar og pårørande.  
Frist 01.06.2021.

5. Implementering «Leve hele livet» reforma.  
Frist: Kontinuerleg gjennom året.

Stillingsressurs: 23,71 årsverk

#### **4.1.8 Kommuneoverlege/Helsesenteret**

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsetenestene i kommunen. Dette omfattar legetenesta, helsestasjon, fysioterapitenesta og psykisk helseteneste. Kommunelegen har òg ansvar for smittevern, miljøretta helsevern og er kommunen sin medisinsk-faglege rådgjevar.

Psykisk helseteneste har i tillegg til ansvar for å yte tenester for menneske med psykiske problem og lidingar, også ansvar for tenester til menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming. Som ein del av rammetilskotet til kommunen, mottek kommunen eit tilskot pr utviklingshemma innbyggjar. Me har to psykiatriske sjukepleiarar i kommunen, begge med stillingsheimlar på 100%.

Kommunen har ikkje hatt psykologteneste lokalt sidan mai 2018. Då hadde me psykolog saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune. Frå hausten 2020 har me tilsett psykolog igjen, i ein 20% stilling.

Me har 50 % helsesjukepleiar-stilling i kommunen, og denne stillinga vart ledig frå våren 2016. Det har vore fleire vikarar inne i stillinga. Frå 1.okt 2016 har vi fått avtale med Masfjorden kommune om kjøp av helsesjukepleiar-tenester i 30 %. For å kompensere for redusert kapasitet i helsesjukepleiar-tenesta, har psykisk helseteneste auka innsatsen mot skuleelevar.

Me har fysioterapeut tilsett i 100% stilling.

Frå 2020 er det òg krav om ergoterapeut i kommunen. Det har ikkje lukkast å få ergoterapeut på plass enno. Midlar til stillinga er i budsjettet for 2021 omdisponert til delfinansiering av 50 % vikarleige i eit halvt år. Me er sær sårbar på legesida om det skulle komme Koronasmitte til kommunen med liten kapasitet til å følgje opp både fastlegearbeid og ein eventuell smittesituasjon. Om lege eller legesekretær kjem i karantenesituasjon vil me få store vanskar. Såleis er ergoterapeut sett på vent og midlar er prioritert til vikarleige for å bli mindre sårbar i ei spesiell tid som me er i no.

### ***Kommunelege: Mål 2021***

- Tilby tilgjengelege helsetenester og førebyggjande tiltak med god kvalitet til folk i Modalen
- Halde på gode samarbeidsrutiner ved helsesenteret med månadlege personalmøter og ei personalsamling i året.
- Halde halvårleg øving i hjerte-lunge-redning for alle ved helsesenteret.
- Ha faglege oppdateringar med undervisningsbolker på personalmøta.

### **4.1.9 Teknisk etat**

Ansvarsområdet omfattar kommunale bygg (nybygg, drift, vedlikehald). Vedlikehald av anlegg og område. Planarbeid, kart og oppmåling, byggjesaker, vatn, avlaup, vegar, og landbruk/skogbruk.

Modalen kommune tilbyr all skuleungdom mellom 16 og 23 år sommarjobb. Dei som deltek på teknisk vert i stor grad handtert av uteseksjonen ved teknisk etat.

Modalen kommune har ein stor bygningsmasse og mange utomhusanlegg. Desse anlegga vil også i åra som kjem ha trong for vedlikehald. For å hindre forfall er det naudsynt med eit kontinuerleg vedlikehald. Dette vil i tillegg til bruk av egne ressursar også krevje inn leige av eksterne firma.

Innan teknisk sektor er det endringar innan plan og bygningslova, lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), adresseregister og tekniske forskrifter. Modalen kommune har fokus på teoretisk og praktisk opplæring innan dette området.

### **Uteseksjonen:**

Har ansvar for vaktmeistertenesta og vaktordninga i kommunen.

Teknisk etat har ei vaktordning som vert utført av 4 personar med vakt kvar fjerde veke. Det er etablert vakttelefon der den som har vakt skal rykkje ut ved feil på teknisk anlegg i kommunen.

Tilsette på teknisk etat: 8 tilsette på reinhald , 6 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk og 2 tilsette i administrasjonen.

**Stillingsressurs:** 12,2 årsverk.

### **Brannvern**

Modalen kommune har inngått samarbeid med Norhordaland brann og redning. Brannordninga er organisert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter Kommuneleova § 28b, der Alver er vertskommune.

### **Reinhaldstenesta**

Har ansvar for dagleg vask og nedvask av dei kommunale bygga i kommunen.

### **Landbruk**

I 2010 blei det etablert ein avtale for kjøp av tenester frå landbrukskontoret i Meland (no Alver) kommune. Rådgjeving og forvaltningsoppgåver innan landbruket vert ivareteke gjennom denne avtalen. Alver har òg ansvaret for viltforvaltninga, men i samband med Bestandsplanprosjektet for hjort 2013-2017 har ein vertskommunesamarbeid med Vaksdal kommune som gjeld ut 2021. Modalen kommune har framleis ansvar for fallvilt (påkjørt/skada vilt), og det er inngått avtale med ettersøksjeger som bur i kommunen. Utgifter til fallvilt vert dekkja av viltfondet.

Talet på aktive bønder i Modalen er stabilt og ny mjølkefjøs med lausdrift og robot er tatt i bruk i 2020. Oppgradering/nybygg av gamle driftsbygningar for å møte nye krav til dyrevelferd er eit satsingsområde. Dei siste åra har bøndene investert i utstyr for jordarbeiding og grovfordyrking. Korona har gjort at det ikkje har vore arrangert bondelunsj eller fagsamlingar, men det er ynskjeleg å få dette til i 2021. Landbrukskontoret har eit godt samarbeid med Modalen Bondelag og Norsk Landbruksrådgjeving Vest og fokus på meir og betre grovfor er eit område ein ynskjer å arbeida vidare med. Landbruk har mellom anna jobba med tilbakeføring av gruber til jordbruksareal.

Avtalen med Meland har fungert godt og vil verte vidareført med Alver.

Modalen kommune vil halde fram med landbruksvikar i 51 % stilling gjennom avtale med Landbrukstenester i Hordaland.

### **Flomforebygging på Mo**

Mudring av sandbanke ved utløpet til Mofjorden krev løyve frå Fylkesmannen i Hordaland. Truleg vert mudring gjennomført etappevis over ein periode på fleire år, for å kunne tilpassa gjennomføringa best mogleg til anna aktivitet/bruk gjennom året.

### **Kalkingsanlegg**

Kalkingsanlegget på Espeneset som starta opp i 2016, ligg under teknisk sjef sitt budsjett. Både drift av anlegget og investeringane er fullfinansiert med midlar frå staten og eventuelt

ved bruk av fondsmidler til fiske og vilt som BKK årleg betalar. Kommunen står som eigar av anlegget og har ansvar for drifta etter særskilt avtale med staten.

### **Evaluering mål 2020:**

#### **Oppstart bygging av «Modalen nærings- og tenestesenter».**

*Evaluering:*

*Målsettinga er oppnådd. Prosjektet held framdriftsplanen og vert vidareført i 2021.*

#### **Fullføre oppgradering av Brannstasjonen på Mo.**

*Evaluering:*

*Målsettinga er oppnådd. Prosjektet sto ferdig hausten 2020.*

#### **Fullføre revidering av vatn- og avlaupsplan.**

*Evaluering:*

*Prosjektet vart utsett, grunna korona situasjonen. Prosjektet er starta opp og vert vidareført til 2021.*

### **Teknisk etat - Mål for 2021**

1. Fullføre bygging av «Modalen nærings- og tenestesenter».
2. Fullføre bygging av dagsturhytta.
3. Fullføre felles plan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø.

## 4.2. Tabellar og oversyn:

### «Små investeringar» og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet

Beløpsgrensa og reglane knytt til kva utgifter som kan førast i investeringsbudsjettet medfører behov for å ha driftsmidlar tilgjengeleg til slikt føremål. ”Investeringar” der investeringsobjektet har ein verdi/kostnad under kr 100 000 skal ikkje førast i investeringsbudsjettet, men i driftsbudsjettet/-rekneskapen. Det same gjeld for utgifter til tiltak/prosjekt som ikkje vert vurdert å vere av «investeringsmessig karakter». Det gjeld til dømes vedlikehaldsutgift og reparasjonar, sjølv om kostnad er over kr 100 000.

Dei seinare åra har me hatt ein praksis der behov for småinvesteringar må prioriterast innanfor dei ordinære rammeløyvingane til dei ulike tenesteområda. I budsjett 2020 vart det likevel løyvd samla kr 990 000 til småinvesteringar, og i budsjettet for 2021 er det gjort framlegg om småinvesteringar for til saman kr 900 000.

Følgjande prosjekt er teke inn som småinvesteringar med eiga løyving i framlegget for 2021:

	Vedtak:	Innmeldt behov/ynskje:
Tilhenger til uteseksjonen	0	40 000
Utstyr til reinhald	50 000	100 000
Utstyr til Modalstunet	100 000	150 000
VA -Plan	700 000	700 000
E-tavle barnehagen	50 000	50 000
<b>Sum småinvesteringar</b>	<b>900 000</b>	<b>1 040 000</b>

Det var løyvd kr 700 000 til VA-planen i budsjettet for 2020. Det er påløpt om lag kr 150 000 til tiltaket til no. Det er likevel gjort framlegg om kr 700 000 i budsjettet for 2021 òg. Det er fordi det må lagast ROS-analyse som er eit nødvendig underlag for VA-planen. Midlar til ROS-analyse var ikkje lagt inn i opprinneleg framlegg/løyving.

### Løyvingsoversyn drift

Tabellen syner budsjett med generelle driftsinntekter, samla nettoløyvingar til budsjettområda, finansutgifter og avsetjing til, samt bruk av, fond.

Løyvingane til rammeområda er vist i tabell under løyvingsoversynet med overskrifta «Spesifiserte rammeløyvingar».

Tabellen er halde i faste 2021-kr frå 2021 og framover. I dei 3 siste åra i planperioden 2022-2024 er det lagt til grunn svakt stigande realnivå for skatt og rammetilskot.

Budsjettframlegget for 2021 gjev eit netto driftsresultat på knapt kr 5,1 millionar. Merk at mykje av dette kjem frå inntekt som setjast av til næringsfondet. Kr 2,7 millionar av resultatet knyt seg til næringsfondsmidlar.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
<b>Løyvingsoversyn - drift</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Rammetilskudd	20 329 260	23 200 000	24 374 000	23 789 540	24 025 085	24 265 336
Inntekts- og formueskatt	11 513 386	9 000 000	10 250 000	10 352 500	10 456 025	10 560 585
Eiendomsskatt	18 128 400	22 100 000	22 400 000	19 414 634	17 527 314	15 347 254
Andre generelle driftsinntekter	22 699 569	22 423 000	22 040 000	22 040 000	22 040 000	22 040 000
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>72 670 615</b>	<b>76 723 000</b>	<b>79 064 000</b>	<b>75 596 674</b>	<b>74 048 424</b>	<b>72 213 175</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>68 227 800</b>	<b>71 886 076</b>	<b>72 447 234</b>	<b>69 660 000</b>	<b>68 460 000</b>	<b>66 850 000</b>
Avskrivninger	6 792 515	6 625 600	6 625 600	6 800 000	6 800 000	6 800 000
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>75 020 315</b>	<b>78 511 676</b>	<b>79 072 834</b>	<b>76 460 000</b>	<b>75 260 000</b>	<b>73 650 000</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-2 349 700</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-8 834</b>	<b>-863 326</b>	<b>-1 211 576</b>	<b>-1 436 825</b>
Renteinntekter	498 031	271 300	200 000	146 341	142 772	139 290
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	177 978	200 000	100 000	48 780	47 591	46 430
Renteutgifter	474 922	600 200	550 000	834 146	896 378	1 031 194
Avdrag på lån	1 000 000	1 000 000	1 280 000	1 463 415	1 427 722	1 392 899
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-798 913</b>	<b>-1 128 900</b>	<b>-1 530 000</b>	<b>-2 102 439</b>	<b>-2 133 737</b>	<b>-2 238 373</b>
Motpost avskrivninger	6 792 515	6 625 600	6 625 600	6 800 000	6 800 000	6 800 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3 643 901</b>	<b>3 708 024</b>	<b>5 086 766</b>	<b>3 834 235</b>	<b>3 454 688</b>	<b>3 124 802</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>						
Overføring til investering	0	0	0			
Netto avs til/bruk av bundne driftsfond	-307 879	431 800	649 800	649 800	649 800	649 800
Netto avs til/bruk av disposisjonsfond	-2 425 825	-4 139 824	-5 736 566	-4 484 035	-4 104 488	-3 774 602
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disp/dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-2 733 703</b>	<b>-3 708 024</b>	<b>-5 086 766</b>	<b>-3 834 235</b>	<b>-3 454 688</b>	<b>-3 124 802</b>
Fremført til inndeckn seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	
	<b>910 198</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Løyving pr budsjettområde	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Rådmannen/sentraladm	12 214 494	14 665 624	14 675 575	14 300 000	14 900 000	14 600 000
Kultur	1 872 794	2 573 888	2 484 828	2 250 000	1 800 000	1 700 000
Næring	3 566 485	3 265 647	2 250 163	2 250 000	2 250 000	2 250 000
Sosial og barnevern	1 193 894	1 370 400	1 517 400	1 450 000	1 450 000	1 450 000
Skule	11 662 705	11 852 337	11 979 440	11 750 000	11 150 000	10 900 000
Barnehage	4 705 236	4 933 816	5 050 742	4 900 000	4 650 000	4 550 000
Pleie og omsorg	17 758 361	16 272 730	16 713 156	16 200 000	15 650 000	15 200 000
Kommunelege	5 436 732	6 177 359	6 517 919	6 260 000	6 200 000	6 100 000
Teknisk	14 658 415	15 591 275	15 299 425	14 100 000	13 760 000	13 200 000
Sentrale postar	-4 841 317	-5 807 000	-4 941 414	-4 000 000	-3 550 000	-3 300 000
Småinvesteringar		990 000	900 000	200 000	200 000	200 000
	<b>68 227 799</b>	<b>71 886 076</b>	<b>72 447 234</b>	<b>69 660 000</b>	<b>68 460 000</b>	<b>66 850 000</b>

Løyvingane til rammeområda er redusert kvart år i planperioden for å tilpasse utgiftene til redusert inntekt. Det må startast eit arbeid tidleg i 2021 for å finne løysingar på drifta framover og kva moglegheiter som finst og kan gjennomførast. Det gjeld både tiltak som kan innførast og iverksetjast på kort sikt og tiltak som må utgreiast og vurdere nærmare. Delar av dette arbeidet må uansett vere klart til neste rullering av budsjett og økonomiplan for 2022-2025. Resultatet av arbeidet kan verte at løyvingane vert fordelt annleis enn planen for 2021-2024.

#### Spesifikasjon sentrale postar i oversynet Løyving pr budsjettområde:

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Premieavvik	-2 377 789	-3 197 000	-2 131 414	-1 190 000	-740 000	-490 000
Mva-komp	-2 613 879	-2 750 000	-2 850 000	-2 850 000	-2 850 000	-2 850 000
Anna	150 351	140 000	40 000	40 000	40 000	40 000
<b>Sum</b>	<b>-4 841 317</b>	<b>-5 807 000</b>	<b>-4 941 414</b>	<b>-4 000 000</b>	<b>-3 550 000</b>	<b>-3 300 000</b>

### Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt drift viser grupperte inntekts- og utgiftspostar for heile kommunen samla. I oversikten finn ein m.a. netto driftsresultat som er det viktigaste resultatmgrepet for å vurdere resultat og budsjettert resultat i ein kommune, og som syner resultatet av dei løpande inntektene og utgiftene.

Det er for 2021 budsjettert med eit **netto driftsresultat på kr 5,1 millionar** som er 5,0 % av driftsinntektene.

	2021	2022	2023	2024
Netto driftsres. i % av sum driftsinntekt	5,0 %	3,9 %	3,6 %	3,3 %

Økonomisituasjonen for kommunen har stramma seg til dei seinare åra, med stor reduksjon i eigedomsskatteinntektene. Nedgangen har snudd og budsjettet er stramt, men vert lagt fram med eit positivt netto driftsresultat i planperioden mellom 3,3 % og 5,0 %. Netto avsetjing til næringsfondet for 2021 er om lag kr 2,4 millionar. Næringsfondet er definert som disposisjonsfond, men har likevel avgrensingar på bruken.

Sjå tabell under med økonomisk oversikt drift 2021-2024. Dei fleste utgiftspostane og mange av inntektspostane for 2022-2024 er kun stipulerte nivå som samla samsvarar med saldert oversyn: Løyvingsoversyn drift, då det ikkje er utarbeidd detaljbudsjett for desse åra.

## Økonomisk oversikt drift 2021 – 2024:

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsinntekter</b>						
Rammetilskudd	20 329 260	23 200 000	24 374 000	23 789 540	24 025 085	24 265 336
Inntekts- og formuesskatt	11 513 386	9 000 000	10 250 000	10 352 500	10 456 025	10 560 585
Eiendomsskatt	18 128 400	22 100 000	22 400 000	19 414 634	17 527 314	15 347 254
Andre skatteinntekter	21 829 022	21 700 000	22 000 000	22 000 000	22 000 000	22 000 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	870 547	723 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Overføringer og tilskudd fra andre	15 565 832	14 496 158	14 212 800	14 212 800	14 212 800	14 212 800
Brukerbetalinger	2 172 459	1 980 000	2 184 800	2 184 800	2 184 800	2 292 299
Salgs- og leieinntekter	7 486 519	5 732 200	5 418 000	5 418 000	5 418 000	5 518 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>97 895 425</b>	<b>98 931 358</b>	<b>100 879 600</b>	<b>97 412 274</b>	<b>95 864 024</b>	<b>94 236 274</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	44 530 707	44 949 033	46 560 779	44 716 972	44 216 972	43 966 972
Sosiale utgifter	11 242 632	12 028 189	11 621 616	12 967 922	12 822 922	12 750 422
Kjøp av varer og tjenester	28 088 046	29 435 148	29 430 553	27 404 154	27 104 154	26 604 154
Overføringer og tilskudd til andre	9 591 226	7 682 064	6 649 886	6 386 551	6 131 551	5 551 551
Avskrivninger	6 792 515	6 625 600	6 625 600	6 800 000	6 800 000	6 800 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>100 245 125</b>	<b>100 720 034</b>	<b>100 888 434</b>	<b>98 275 599</b>	<b>97 075 599</b>	<b>95 673 099</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-2 349 700</b>	<b>-1 788 676</b>	<b>-8 834</b>	<b>-863 325</b>	<b>-1 211 575</b>	<b>-1 436 825</b>
<b>Finans</b>						
Renteinntekter	498 031	271 300	200 000	146 341	142 772	139 290
Utbytter	0	0	0	0	0	0
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	177 978	200 000	100 000	48 780	47 591	46 430
Renteutgifter	474 922	600 200	550 000	834 146	896 378	1 031 194
Avdrag på lån	1 000 000	1 000 000	1 280 000	1 463 415	1 427 722	1 392 899
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-798 913</b>	<b>-1 128 900</b>	<b>-1 530 000</b>	<b>-2 102 440</b>	<b>-2 133 737</b>	<b>-2 238 373</b>
Motpost avskrivninger	6 792 515	6 625 600	6 625 600	6 800 000	6 800 000	6 800 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3 643 901</b>	<b>3 708 024</b>	<b>5 086 766</b>	<b>3 834 235</b>	<b>3 454 688</b>	<b>3 124 802</b>
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	-307 879	431 800	649 800	649 800	649 800	649 800
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-2 425 825	-4 139 824	-5 736 566	-4 484 035	-4 104 488	-3 774 602
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-2 733 703</b>	<b>-3 708 024</b>	<b>-5 086 766</b>	<b>-3 834 235</b>	<b>-3 454 688</b>	<b>-3 124 802</b>
Fremført til inndeckn. i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0
	<b>910 198</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 5. Investeringar

Investeringsplanen for 2021-2024 er sjølvstøtt prega av det nye nærings- og tenesteseneteret der bygging pågår, og som skal ferdigstillast i 2021.

I økonomiplanen er det lagt vekt på å halde investeringane i perioden på eit nivå som er tilpassa kommunen si økonomiske evne og såleis mest mogleg i tråd med årlege driftsresultat. 2020/2021 er i så måte unntaksår med ekstra høg investeringsutgift grunna prosjekta Nytt nærings- og tenesteseneter og Oppgradering av brannstasjonen.

Investeringslista for økonomiplanperioden 2021-2024 har slike totalsummar:

**2021: kr 42,59 millionar**

**2022: kr 2,47 millionar**

**2023: kr 2,43 millionar**

**2024: kr 2,85 millionar**

Nivået på investeringane må over tid sjåast i høve til storleiken på resultat og avsetjingar til fond frå drifta. Når driftssituasjonen vert strammare og tilførsel til fond avtar, vert handlefridomen og høvet til eigenfinansiering av investeringar dårlegare. Investeringsnivået i denne planen er samla mykje høgare enn vanleg, noko som knyt seg til nytt nærings- og tenesteseneter som har vore planlagt i mange år. Frå og med 2022 er nivået på investeringsutgiftene nedjustert slik at ein alle åra er innanfor ei maksimalramme på kr 3 millionar pr år.

Investeringsutgiftene i planen vert finansiert med eigne fondsmidlar, mva-kompensasjon, samt låneopptak. Låneopptak knyt seg i hovudsak til nærings- og tenesteseneteret. I 2021 er det lagt til grunn låneopptak på kr 800 000 til andre investeringar.

### 5.1. Oversyn over investeringsprosjekt

	2021	2022	2023	2024
Nytt nærings - og tenesteseneter	38 590 000			
Nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet	500 000			
Oppgradering av kommunale bygg	300 000	300 000	300 000	300 000
Dagsturhytte - i samarbeid med Vestland	500 000			
Diverse investeringar innan vatn og avlaup	400 000	400 000	400 000	400 000
Lekeplass Øvre - Helland	950 000			
Tilrettelegging bustadareal Nedre Helland, ny infrastruktur, VA og asfaltering		1 075 000	1 075 000	
Turvegar		250 000	250 000	250 000
Uforesette investeringar	200 000	200 000	200 000	200 000
IKT - utstyr til Mo skule	510 000			
Lekeutstyr til barnehagen	140 000			
Uteområde Mo skule	500 000			
GPS - utstyr til kart og oppmåling		240 000		
Lastebil til uteseksjonen				1 700 000
Tilrettelegging for bustadareal Mo-området			200 000	
<b>Sum</b>	<b>42 590 000</b>	<b>2 465 000</b>	<b>2 425 000</b>	<b>2 850 000</b>

<b>Avsetjing til nærings - og tenesteseneter</b>	<b>100 000</b>	<b>0</b>		
--	----------------	----------	--	--

## 5.2. Løyvingsoversyn – Investering


Løyvingsoversyn - investering	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Investeringer i varige driftsmidler	7 095 096	33 710 000	42 590 000	2 465 000	2 425 000	2 850 000
Tilskudd til andres investeringer	0	0				
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 222 356	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Utlån av egne midler	0	0				
Avdrag på lån	0	0				
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>8 317 452</b>	<b>34 010 000</b>	<b>42 890 000</b>	<b>2 765 000</b>	<b>2 725 000</b>	<b>3 150 000</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	1 190 138	4 410 000	6 072 510	363 000	315 000	440 000
Tilskudd fra andre	0	0				
Salg av varige driftsmidler	1 754 635	0				
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0				
Utdeling fra selskaper	0	0				
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	2 500 000				
Bruk av lån	0	17 400 000	28 540 000	0	0	0
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>2 944 773</b>	<b>24 310 000</b>	<b>34 612 510</b>	<b>363 000</b>	<b>315 000</b>	<b>440 000</b>
Videreutlån	1 745 800	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Bruk av lån til videreutlån	1 743 900	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Avdrag på lån til videreutlån	361 903	360 000	360 000	360 000	360 000	360 000
Mottatte avdrag på videreutlån	278 271	360 000	360 000	360 000	360 000	360 000
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>85 532</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring fra drift	0	0				
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond						
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	5 458 211	9 700 000	8 277 490	2 402 000	2 410 000	2 710 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0				
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>5 458 211</b>	<b>9 700 000</b>	<b>8 277 490</b>	<b>2 402 000</b>	<b>2 410 000</b>	<b>2 710 000</b>
Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0	0	0	0	0	0

## 5.3. Fondsmidler og lånegjeld – utvikling

Diagrammet for ubundne fondsmidler under syner utvikling i samla frie fondsmidler fram til og med året 2020 med venta samla kapital kr 10,3 millionar pr 01.01.2021.

Fram til og med 2019 er det rekneskapsmessige verdiar som er synt. For året 2020 er det lagt til grunn prognose.


**Diagram: Utvikling ubundne fondsmidler 01.01.15 – 01.01.21**



For åra i planperioden 2021-2024 er det synt utvikling i fondsmidlane i diagrammet under, der me syner Sum disposisjonsfond (øvrste linja i diagrammet), og splittar dette opp i

Næringsfondet (utanom grunnkapitalen), Generelt disposisjonsfond og Fond øyremerka nytt nærings- og tenestesenter.

### Diagram: Utvikling ulike ubundne fondsmidlar 01.01.17 – 01.01.25



Sum disposisjonsfond går betydeleg ned fram mot 01.01.22, men vil så auke utover perioden fram mot 01.01.2025 fordi det er låge investeringar dei 3 siste åra i planen. Utviklinga baserer seg på det som er lagt inn i budsjett og økonomiplan i drift og investering. Avvik/ending i høve til dette vil påverke utviklinga. Sjølv om økonomien vert strammare i den løpande drifta utover i planperioden er det lagt til grunn relativt gode driftsresultat. Skal me klare å få så gode driftsresultat, må me klare å justere drifta slik det er lagt til grunn i framskrivinga i økonomiplanåra. Det vert utfordrande. Klarer me ikkje det vil utviklinga i beholdninga av fondsmidlar verte dårlegare.

### Utvikling i lånegjeld:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Lånegj i % av dr.inntekt	15,7 %	32,2%	58,6 %	57,7 %	55,5 %	53,2 %
Lånegjeld	15 376	31 895	58 615	57 115	55 615	54 115
Lånegjeld pr innbyggjar	40 463	82 204	151 240	146 654	142 114	137 620

Tabellen syner utvikling i lånegjelda i planperioden basert på opplåning og avdragsbetaling slik det er lagt inn i budsjett og økonomiplan 2021-2024. Lånegjelda aukar vesentleg i 2020 og 2021. Etter det er det lagt til grunn jamn nedgang i tråd med avdragsbetaling, då investeringar i perioden 2022-2024 ikkje er planlagt lånefinansiert.

## 5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet

### Nytt nærings- og tenestесenter

Det vart i 2013 utført ei vurdering av kommunehuset. Kommunestyret tinga i 2014 ei sak for vurdering av bygging av eit nytt kontorbygg for offentleg / privat verksemd. Eit skisseprosjekt vart utarbeida i 2015 og vart lagt fram for kommunestyret i november 2015. Eit revidert skisseprosjekt datert januar 2018 vart utarbeidda, der prosjektet er nedskalert i størrelse.

Kommunestyret vedtok 2018 å bygge eit nytt nærings- og tenestесenter i Modalen.

Formannskapet vart styringsgruppa for prosjektet.

Kommunestyret vedtok juni 2020 å rive eksisterande kommunehus og byggje eit nytt nærings- og tenestесenter på same tomt i Mo sentrum. Kommunestyret valde alternativ 2 – som har ein tilleggsdel med utleige til næringslivet. Modalen kommune har inngått kontrakt med totalentreprenør Lars Jønsson AS som hadde det rimelegaste tilbodet i anbodskonkurransen. Byggefasen vil ha oppstart hausten 2020 og fedigstillast hausten 2021. Kommunestyret har løyvd ei totalramme til prosjektet på kr. 60 800 000 inkl mva, samt vedteke eit låneopptak på kr 42 000 000.

I saka er det lagt til grunn og vedteke at samla investeringsutgift på kr 56,54 millionar.

Skilnaden mellom kr 60,8 millionar og 56,54 millionar er mva-frådrag knytt til utleigedelen av bygget.

### Avsetjing til prosjektet:

Fondsmidlar pr 31.12.19: kr 6 900 000

Avsetjing i 2020 kr 100 000

Avsetjing i 2021 kr 0

Samla avsetjing vert med dette kr 7,0 millionar til eigenkapital i prosjektet.

### Investeringsutgift:

Budsjettert utgift i 2020: kr 20 000 000.

- Prognose på påløpt utgift pr 31.12.2020 er kr 17 950 000.

Budsjettert kostnad i 2021: kr 38 590 000 (56,54 millionar minus 17,95 millionar)

Samla kostnad 2020 + 2021 vert kr 17 950 000 + kr 38 590 000 = kr 56 540 000 i samsvar med vedtak/føresetnad.

Samla bruttoutgift kr 60 799 131 – kr 4 259 118 som er mva-frådrag knytt til utleigedelen vert netto kr 56 540 013.

### Finansiering:

Budsjett lån 2020	kr 13 900 000	Prognose: 13 900 000
Budsjett fond 2020	kr 3 501 046	Prognose: 1 542 009
Budsjett mva-komp 2020	kr 2 598 954	Prognose: 2 507 991
<b>Sum finansiering:</b>	<b>kr 20 000 000</b>	<b>Sum prognose: 17 950 000</b>
Lån 2021	kr 27 740 000	
Fond 2021	kr 5 457 490	
Mva-komp 2021	kr 5 392 510	
<b>Sum finansiering:</b>	<b>kr 38 590 000</b>	

### **Nytt ventilasjonsanlegg på Modalstunet**

Det vert utført årleg service på anlegget. Anlegget treng å skiftast ut, då det er gammalt og har vore der sidan bygget var nytt på 80 – talet. Generell tilstand på aggregat og automatikk er dårleg og det bør planleggjast for ein utskifting av dette.

Budsjettert kostnad i 2021      kr 500 000.

### **Oppgradering av kommunale bygg**

Modalen kommune har kommunale bygg på Mo, Kleivane, Nedre - Helland og Øvre Helland av varierende alder og kvalitet. Det vert planlagt sett av midlar kvart år i økonomiplanen til oppgradering av investeringsmessig karakter.

For året 2021 er det tenkt oppgradering av fasade på Kleivane 19 -23. Det er trong for å skifte vindauge, dør, etterisolering og skifte av kledning . Uføresette hendingar og vedlikehald vert føresett dekkja innan ordinær drift i 2021.

Budsjettert kostnad kvart år 2021-2024      kr 300 000.

### **Dagsturhytte i Modalen**

Prosjektet er eit spleiselag. Dagsturhyttene skal bli eit lågterskeltilbod for turgåarar, eit folkehelseiltak som skal gje godt liv i eit trygt samfunn. Sogn og Fjordane har alt fått 26 dagsturhytter, til totalt 33 millionar kroner, som er blitt ein stor suksess. Hordaland vil bygge 35 dagturhytter til minst 35 millionar kroner. Hordaland vil bruke same modell som i Sogn og Fjordane gjennom eit spleiselag mellom fylkeskommunen, kommunane, spelemidlar og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som er viljug til å bidra med pengar i Hordaland òg. Den fylkeskommunale løyvinga for 2019 gjekk til dei 10 første dagsturhyttene. Vidare er det rekna med sju millionar i fylkeskommunalt tilskot til dei resterande 25 hyttene for åra 2020 og 2021. Det er planlagt ei hytte i kvar kommune. Bergen kan få fleire. Det blir lagt opp til brei medverknad for kvar hyttene skal plasserast, opparbeiding og drift. Kvar kommune må avgjere om dei vil nytte tilbodet om å få dagsturhytte. Hyttene kan bli tilrettelagt med lys, varme og sanitæranlegg der det er behov for det. I tillegg skal hyttene ha eit bibliotek og ein plan for ulike arrangement. Opparbeiding og merking av turløyper til hyttene må vere ein del av prosjektet. I gjennomsnitt er det rekna med ein total kostnad på ein million kroner pr. hytte. Totalkostnaden blir dermed minimum 35 millionar kroner for dei 35 dagsturhyttene. Dei første dagsturhyttene skal stå ferdig hausten 2020.

Budsjettert kostnad i 2021      kr 500 000.

### **Diverse investeringar innan vatn og avlaup**

Vatn og avlaupsanlegga i Modalen kommune treng løpande oppgradering/fornyng av investeringsmessig karakter.

Budsjettert kostnad i 2021      kr 400 000.

Budsjettert kostnad i 2022      kr 400 000.

Budsjettert kostnad i 2023      kr 400 000.

Budsjettert kostnad i 2024      kr 400 000.

Uføresette brot og anna vedlikehald vert føresett dekkja innan ordinær drift.

### **Leikeplass på Øvre – Helland:**

Leikeplassen på Øvre – Helland treng å oppgraderast. Leikeapparata ute har begynt å forfalle og treng mykje vedlikehald. Det har vore leikeplasskontroll som peikar på at utstyret er veldig dårleg, og kan vere farleg ved bruk.

Leikeutstyret treng såleis å fornyast samt at det er behov for skifting av fallunderlag.

Budsjettert kostnad 2021 kr 950 000.

### **Tilrettelegging for bustadareal, tomtekjøp, opparbeiding m.m.**

I kommunestyret i sak 017/2018 vart det vedteke at kommunestyret ønskjer å sette i gang regulering på Kleivane, på område som allereie er avsett til bustadområde i kommuneplanen. Dette arbeidet er ikkje sett i gong.

På Helland er det eit regulert bustadområde som var eigd av privat grunneigar. Området er ikkje utbygd. Kommunen har no kjøpt det regulerte bustadområdet. Det er difor behov for midlar til tilrettelegging av arealet. Ny infrastruktur må på plass. Det gjeld VA - arbeid, ny pumpestasjon og kummer, asfaltering, opparbeiding av veg, grøfter, asfaltering og gatelys.

Budsjettert kostnad 2022 kr 1 075 000

Budsjettert kostnad 2023 kr 1 075 000

### **Turvegar**

Det er behov for å utvikle og opparbeide tilbodet med turvegar. Dette vil vere eit viktig folkehelseiltak for alle aldersgrupper.

Prosjektet kan sjåast i lag med investering av dagsturhytta i Modalen.

Løyvingane må òg sjåast i samband med tiltak i Kulturplanen 2020-2029 som omfattar turvegar, turstiar og sykkelvegar.

#### Aktuelle prosjektområde:

Turstiar på Nygard i samarbeid med hytteforening / vellag.

Turveg Helland – Mo

Sykkelveg / lysløype for ski vinterstid

Øvre Helland

Budsjettert kostnad i 2022 kr 250 000.

Budsjettert kostnad i 2023 kr 250 000.

Budsjettert kostnad i 2024 kr 250 000.

### **Uføresette investeringar**

Løyving/buffer til mindre utføresette investeringstiltak utan konkret løyving. Rådmannen disponerer denne.

Budsjettert kostnad	2021	kr 200 000.
Budsjettert kostnad	2022	kr 200 000.
Budsjettert kostnad	2023	kr 200 000.
Budsjettert kostnad	2024	kr 200 000.

### **IKT – utstyr til Mo skule:**

Mo skule har behov for innkjøp av fleire Chromebooks (datamaskiner). Mo skule har pr i dag ikkje nok datamaskiner til at alle elevar har utstyr ein-til-ein. Nye læreplanar set krav til meir bruk av datamaskiner i dei fleste fag i skulen. Tiltak i samband med Korona gjer det vanskeleg at fleire elevar deler utstyr (reingjering av tastatur og berøringsskjermer). Nye planar og undervisningsformer gjer at Mo skule no har behov for digitale skjermer/tavler i klasseromma. Tavlene (Smart Board) som vart kjøpt for om lag 10 år sidan er ikkje lenger tenlege. Skulen skal nytta digitale læremiddel, men får ikkje utnytta desse fullt ut om ein ikkje har tavler i klasseromma som er tilpassa dette.

Ladeskap til Chromebook. Det er behov for ladestasjonar i fleire klasserom når elevane har eigne Pc-ar. Alle innkjøp vert gjort gjennom innkjøpsavtale.

Budsjettert kostnad 2021                      kr 510 000

### **Innkjøp av leikeapparat samt ladestasjon i barnehagen**

Leikeområdet ute:

Barnehagen er 13 år no og ein ser at leikeapparata ute har begynt å forfalla og treng vedlikehald. Nokon apparat er allereide fjerna. Det må setjast av midlar til å skifte ut apparata. No i fyrste omgang er det vippehuska, leikestativ og sjørøvarskipet som ein treng skifta ut. Det er feil og manglar på apparata.

Ladestasjon for elbil/hybrid. Installere heimelader.

Budsjettert kostnad      2021                      kr 140 000

### **Uteområde Mo skule**

Budsjettert kostnad 2021                      kr 500 000

### **GPS – utstyr til kart og oppmåling.**

Det er behov for GPS – utstyr til kart og oppmåling i kommunen. Dette har ikkje kommunen i dag, noko som gjer at vi er avhengig av å leige inn ekstern hjelp for å kunne utføre arbeidet.

Budsjettert kostnad    2022      kr 240 000

**Lastebil til uteseksjonen:**

Uteseksjonen har ein lastebil som er frå 2000. Det er no kome høge driftskostnader på bilen. Mykje må reparerast når den årlege EU- kontrollen gjennomførast, og over tid vil det koste kommunen mykje. I 2020 vart det ein reparasjon på over kr 100 000. Det er behov for å investere i ny lastebil på uteseksjonen.

Budsjettert kostnad 2024 kr 1 700 000.

**Tilrettelegging bustadareal i Mo-området**

Budsjettert kostnad 2023 kr 200 000